

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. pinsedag – 15.mai 2016

Preiketekst: Joh 14,23-29

Lesetekst I: 1 Mos 11,1-9

Lesetekst II: Apgj 2,1-11 eller Rom 5,1-5

Shalom

Pinsedagen- bakgrunn

Vekefesten var feiringa av israelsfoket si vandring gjennom øydemarka. På Jesu tid var festen også prega av feiringa av lova som vart gjeven av Moses på Sinai. Slik sett har den sitt opphav i det jødiske året. Femti dagar etter påske feira ein *Shavout*. Det greske ordet *Pentekoste* («den femtiande») er opphavet til vårt ord *pinse*, for å minnast at den Heilage Ande vart utrent. I den tidlege kristne kyrkja kom pinsefeiringa til også å bli ei dåpstad. Frå dette kom dåpsdrakta sin kvite farge, der ein i engelsk tradisjon kalla dagen for *Whitsunday*, «den kvite søndagen». Me kjenner ordet *kvitsundag* frå gammal nordisk tradisjon.

Den liturgiske fargen er like fullt *raud*. Pinsa er Anden og Kyrkja sin fest, feira like frå 200-talet.

Tekstane

I tekstane denne søndagen vert det trekt linjer frå språkforvirringa i Babel til språkunderet pinsedag. Den Heilage Ande vart gjeven til læresveinane så alle høyrde Gud bli lovprist på sitt eige språk. I vår preiketekst, evangelieteksten, gjev Jesus lovnad om Talsmannen, Den heilage Ande, som skal lære dei alt og minne dei om alt det Jesus har sagt. Den er ein del av det ein kallar Jesu avskjedstale til læresveinane.

Å elske Jesus gjev samfunn med Gud

For å få samanhangen i vår tekst, er det viktig å få med det som står frå v.21. Den kristne kjærleiken får ein først og fremst del i ved trua og samfunnet med Jesus. Det er ei gåve som Jesus har med seg når han kjem til oss frå Gud. Tek me imot Jesus og trur på han, då eig me kjærleiken. Den syner seg i at me elsker Jesus, hans ord og hans bod. Kristen tru er difor alltid knytt til dette.

Ein kan gjerne gje honnør til Jesus og kristendommen for gode prinsipp som likskap, å vere medmenneske, omsorg for svake. Like fullt er ikkje dette åleine kristen tru. Teksten vår fortel at det er å elske Jesus og stole på han. Jesus sin lovnad til dei som vil «halde hans bod» er store. Det er vel og merke ikkje det samme som å vere syndefri, men at ein elsker hans vilje og gjev seg under den. Paulus omtalar dette som «tru verksam i kjærleik» Slik kan me leve omslutta av Guds kjærleik og i Jesu nærleik, slik at han openberrar seg for oss. Dette er ein anna kjærleik enn den «verda» kan gje.

For jødane var det slik at når Gud greip inn i verda, ville han gjere det med makt. Jesus går meir inn i forventingane om «Herrens lidande tenar» (Jesaja 53), som ved si soning gjev eit håp om tilgjeving og frelse. Gud opnar sin gode famn for oss gjennom Jesus Kristus. I hans kyrkje på jord er Guds rike til stades, ved det at hans ord og bod vert teke godt vare på.

Når Anden, talsmannen, underviser

Jesu inderlege sjelesorg i si avskjedstale gjev lovnad om Anden, eller talsmannen. Han skal føre vidare Jesu gjerning, «han skal læra dykk alt og minna dykk på alt eg har sagt dykk». Anden skal altså fortsetje å undervise, «*lære*», som er det samme ord som vert brukt om Jesus si undervisning og om Jesus sjølv, når han vert kalla for «Meister» (det tyder «lærer»). Anden utøver altså «læreembetet». Han minner om det Jesus har sagt, og legg det ut på rett måte (sjå Joh 16,13). Dette skjer i Jesu namn og på hans vegne, nett for å gjere Jesu gjerning.

Freden som ikkje verda kan gje

Den freden Jesus gjev, er freden med Gud. Det kjente hebraiske ordet *shalom* uttykker ein tilstand av fred der alt skjer i samsvar med Guds vilje, ein harmoni som kjem frå Skaparen sjølv. Her kjem Jesus si trygge sjelesorg i møte med læresveinane fram på ny. Den var ei trøyst til urolege hjarte. Jesus talar om ein annleis fred. Den kjem ved å ha samfunn med Jesus i eit rett forhold til Gud.. Typisk for freden i verda er at den går ut på å vere uforstyrta, fri frå det som uroar, men like fullt kan den stadig forstyrrast på ny. Den er ei kjensle, som stadig kan skifte. Freden som Jesus gjev er ein tilstand, noko verkeleg, bygd på at Jesus Messias har teke all vår skuld på seg. Med det tek han ansvaret for oss på sine skuldrar. Paulus seier det slik: «Han er vår fred» (Ef 2,14).

Frå gammaltestamentleg bakgrunn har ein og eit fint vers til dømes i Esek 37,26: «*Eg gjer ei fredspakt med dei; det skal vera ei evig pakt. Eg let dei bli mange. Eg set min heilagdom hos dei for alltid*».

Shalom, som kvar jøde helsar med, inneheld ei oppfylling hos Jesus Messias med store perspektiv!

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad.

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no